



# Valle og Hylestad Sokneråd

Kyrkjekontoret Sæbyggjen  
4747 Valle  
Tlf 97784706  
Epost [post@valle.kyrkja.no](mailto:post@valle.kyrkja.no)

Onsdag 31. mars 2020

## Innkalling til skriftleg møte i Valle og Hylestad sokneråd Tysdag 31. mars 2020 på epost

Soknerådssak (SR) fremmast her på epost slik som det er bestemt i verksemdreglene om møteprinsippet at det kan gjerast.

For å gjere gyldige vedtak på denne måten må alle soknerådsmedlemene støtta opp denne saksbehandlinga og alle soknerådsmedlemene må støtte opp om vedtaksforslaga. Hvis det er ueinigheit om noko av dette, så går sakene vidare til anten telefonmøte, fjernmøte(videomøte) eller vanleg fysisk møte.

Innkalte medlemmer er Gudrun Sagneskar, Siri Irene Nordbø Melhus, Bente May Bjørgum, Lisbeth Dalquist Homme, Liv Bjørgum Ryningen, Knut Olav Uppstad og Kristine Borgen (sokneprest). Innkalte varamedlemmer som møter fast er Ellen Agnethe Nygaard Jansen og Sissel Åkre. Som sekretær møter kyrkjeshjef Anne Kirsten Ringstad.

Eg set ein frist til onsdag 8 april 2020 kl 12:00 til å kome med innsigelser på vedtaksforslaget, og ynskjer alle ei god gjennomlesing, og ei god påske!

Knut Olav Uppstad (sign)  
leiar

---

Godkjenning av innkalling.

SR 27/2020 Aprilinnkalling  
Soknerådsmøtet den 14 april er antakelig midt i koronakrisa, og fjernmøte blir vanskeleg.

Godkjenning av forslag til vedtak

## SR 27/2020 - Aprilinnkalling - Onsdag 31. mars 2020

Soknerådsmøtet den 14 april er antakelig midt i koronakrisa og fjernmøte blir vanskeleg.

I dag har arbeidsutvalet hatt fjernmøte og det har foregått ved at dei tre medlemene og kyrkjesjefen har hatt videomøte i ei messenger-gruppe.

Dette fungerte reint teknisk veldig greit.

Det ideelle hadde vore at slikt fjernmøte kunne vore sett opp på soknerådsmøtet 14 april, men arbeidsutvalet har kome til at det ikkje vil late seg gjere for soknerådet å gjennomføre slikt møte på forsvarleg måte.

Dei sakene som ligg på vent etter møtet 17 mars som også vart avlyst, og ikkje vart behandla skriftleg 25 mars, må då setjast opp så snart soknerådet enten vil kunne gjennomføre eit fjernmøte eller kan møtast fysisk.

Forslag til vedtak:

“Soknerådsmøtet 14 april 2020 blir avlyst på grunn at det ikkje vil late seg gjere å gjennomføre fjernmøte.”